

SAK 11/10 SØKNAD OM TILSKOT TIL SAMFUNNSANALYSE BERGENSBANEN

Saksopplysning

Forum Nye Bergensbanen søker i brev dat.9.2.2010 om tilskot på kr. 40.00,- til utarbeiding av samfunnsanalyse for Bergensbanen.

FNB ynskjer å få vurdert kva Bergensbanen betyr for byane og regionane som er knytt til banen, og kva ulike scenario for utvikling av Bergensbanen vil bety for næringsliv, busetjing og utvikling i desse og tilstøytande område.

Samfunnsanalysa skal vera eit hjelpemiddel for framtidig planlegging av tiltak på Bergensbanen og for beslutningstakarar når dei skal vurdere dei samfunnsmessige verknadene av vidareutvikling og bygging av framtidig infrastruktur.

Totalt kostnadar for arbeidet med samfunnsanalysa er rekna til ca. kr. 400.000.

Tiltaket er planlagt med slik finansiering:

- FNB, egne avsette midlar kr. 140.000
- Jernbaneverket kr. 140.000
- Fylkeskommunar, kommunar/regionar, NSB kr. 120.000

Arbeidet er planlagt ferdig til sommaren 2010.

Vurdering

Det er etter dagleg leiar sitt syn viktig å få utarbeida ei grundig samfunnsanalyse, for nærare å finne ut kva Bergensbanen betyr for byar, regionar og landsdelar som er knytt til Bergensbanen. Og ikkje minst kva vil ein modernisert Bergensbane kunne bety. Ei slik analyse vil kunne vera eit godt hjelpemiddel for framtidig planlegging av tiltak på Bergensbanen. Og eit godt grunnlagsdokument ved vurdering av dei samfunnsmessige verknadene av vidareutvikling og bygging av framtidens Bergensbane.

Forslag til vedtak

Regionrådet for Hallingdal løyver kr. 40.000,- til Forum Nye Bergensbanen for utarbeiding av samfunnsanalyse for Bergensbanen. Midlane blir teke frå posten Strategisk plan for Hallingdal.

Ål 14.2.2010

Knut Arne Gurigard
Dagleg leiar

Vedlegg:

1. Søknad frå FNB dat. 9.2.2010

Forum Nye Bergensbanen (FNB) er ein interesseorganisasjon med formål å arbeide for modernisering av Bergensbanen og bygging av Ringeriksbanen som vedteke av Stortinget i 1992.

Medlemmene i forumet er kommunane og dei 3 fylkeskommunane langs banen. NHO og LO i desse 3 fylka har møte og talerett i forumet.



Regionrådet for Hallingdal
Torget 1
3570 Ål

Dykkar referanse:

Vår referanse:

Ål, 9. februar 2010

Samfunnsanalyse Bergensbanen - finansiering

Forum Nye Bergensbanen ynskjer å få utarbeidd ei samfunnsanalyse for Bergensbanen. Det me ynskjer svar på i ei slik analyse er kva Bergensbanen betyr for byane og regionane som er knytt til banen, og kva ulike scenarior for utvikling av Bergensbanen vil bety for næringsliv, busetjing og utvikling i desse og tilstøytande område.

Forum Nye Bergensbanen ser for seg ei grundig analyse som kan vera til nytte og gje faktainformasjon til alle som er opptatt av utviklinga av landsdelar, byar og regionar som er knytt til Bergensbanen.

Ei slik analyse vil og vera eit godt hjelpemiddel for framtidig planlegging av tiltak på Bergensbanen og for sentrale beslutningstakarar når dei skal vurdere dei samfunnsmessige verknadene av vidareutvikling og bygging av framtidig infrastruktur.

I tillegg håpar me ei slik analyse også kan bli til nytte for strategisk tenking og planlegging for næringslivet og aktørar på jernbanen.

Dette er ein stor og omfattande jobb. Forum Nye Bergensbanen bad om tilbod frå 3 firma og etter grundig vurdering valte Arbeidsutvalet Transportøkonomisk Institutt (TØI) til å utføre analysen. Tilbodet er på kr 300 000, - eks mva. I tillegg til sjølve analysen frå TØI vil det koma til ein del andre utgifter, slik at den totale kostnaden for Forum Nye Bergensbanen vil bli noko høgare.

Forumet har ved tidlegare budsjetthandsamingar sett av litt midlar til slike utgreingar, men dette arbeidet blir langt meir omfattande enn det me ser oss i stand til å finansiere sjølve. Me er difor avhengig av tilskot frå andre aktørar for å kunne gjennomføre dette.

Forum nye Bergensbanen tillet seg med dette å spørja Regionrådet for Hallingdal om bidrag til dette viktige arbeidet, og me søker om tilskot på kr 40 000, -.

Me håpar på rask og positiv attendemelding.

Eventuelt tilskot kan overførast til bankkonto 2320 62 16956.

Dersom De skulle ha behov for ytterlegare opplysningar kan De ta kontakt med underteikna på telefon 95 04 95 52 eller e-post janhalvard.brekko@hallingnett.no.

Beste helsing
Forum Nye Bergensbanen

Torleif Dalseide/s
Leiar

Jan-Halvard Brekko
Prosjektleiar